

Saksprotokoll

Reguleringsplan for Gol kyrkjegard - 2. gongsbehandling

Arkivsak-dok. 20/01229
Saksbehandler Sander Lilleslett

Behandlet av	Møtedato	Saknr
1 Utval for natur og næring 2019-2023	27.04.2021	27/21
2 Kommunestyret 2019-2023	11.05.2021	46/21

Kommunestyret 2019-2023 har behandla saka i møte 11.05.2021 sak 46/21

Behandling

Saksordførar: Karianne Østro.
Botolv Knaldre (SP) hadde ordet.

Votering

Samrøystes.

Vedtak

Kommunestyret vedtek detaljreguleringsplan for Gol kyrkjegard, planID 2020001, i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-4 og 12-12 med endringar i kart og føresegner, og på følgande vilkår:

I

Endringar i føresegner:

- 2. *Fellesføresegner for heile området* blir lagt til med:
 - o 2.4 *Estetikk*
 - *Nye bygge- og anleggstiltak skal harmonisere med kyrkja som kulturminne og gudshus.*
 - o 2.5 *Rekkefølgekrav*:
 - *Landbruksvegen som går mellom GU1 og GU2 blir ein inkludert del av kyrkjegarden når ny landbruksveg er klar for å takast i bruk. Fram til dette skjer skal landbruksvegen vidareførast som i dag.*
- 3.1 *Grav- og urnelund* blir endra slik:
 - o Bokstav b: [...] *og godkjennast av Tunsberg bispedømme fellesråd og Tunsberg bispedømmeråd* blir endra til *Gol og Herad sokn og Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark.*
 - o Bokstav d blir lagt til med følgande i slutten av setninga: *fram til 2.5 Rekkefølgekrav er oppfylt.*
 - o Bokstav e: *bispedømmerådet* blir endra til *Statsforvaltaren.*
- 5.1 *Landbruksveg* blir endra til:
 - o 5.1 *Turdrag.*
- 5.1 *Turdrag (tidlegare landbruksveg)* blir endra til:

- *Turdrag skal opparbeidast og ferdigstillast når rekkefølgekrav 2.5 er oppfylt.*
- 6.1 Byggegrense blir lagt til med følgende:
 - *Byggegrensa skal vere minimum ein meter frå føremålsgrensa til GU2.*

II

Endringar i plankart:

- Plankartet blir oppdatert i samsvar med punkt 6.1 Byggegrense.

III

Endringar i planomtale:

- Planomtalen blir oppdatert i samsvar med resten av vedtaket.

IV

Det delegerast til kommunedirektøren å kvalitetssikre dokument og gjere redigeringsmessige endringar i kart, føresegner og planomtale før kunngjering.